

**Fra:** Knut Ivar Åland [Knut.Ivar.Aland@sfj.no]  
**Til:** Postmottak Kultur [postmottak.kultur@sfj.no]  
**Kopi:**  
**Sendt:** 07.01.2019 16:01:13  
**Emne:** VS: Føresegner omsyn for kulturmiljø Undredal  
**Vedlegg:** image001.jpg

Med helsing  
Knut Ivar Åland  
seniorrådgjevar, nærings- og kulturavdelinga  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Storehagen 1B, 6800 Førde  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Knut.Ivar.Aland@sfj.no](mailto:Knut.Ivar.Aland@sfj.no)  
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95947117

---

**Fra:** Anja Marken <anja.marken@aurland.kommune.no>  
**Sendt:** torsdag 13. desember 2018 15:42  
**Til:** Knut Ivar Åland <Knut.Ivar.Aland@sfj.no>  
**Emne:** Føresegner omsyn for kulturmiljø Undredal

Hei,

Me arbeider for tida med føresegnene til områdeplanen for Undredal. Me har tenkt mykje på omsynssona for kulturmiljø og har kome opp med ein ny formulering til den. Kan du sjå igjennom den og sei kva du syns?

«7.7. Særskilt gitte omsyn – kulturmiljø (H570)

Ved alle tiltak skal det leggjast ved ein skriftleg grunngevnaad for bygga si utforming i høve til tilgrensande bygg. Grunngevnaden skal klargjere kva som er gjort for og korleis tiltaket er tilpassa kulturmiljøet.

Ved planlagde fasadeendringar skal originale/eldre bygningsdelar som taktekke, vindauge, dører, panel, listverk og andre detaljar takast vare på så langt det let seg gjere. Dersom eldre bygningsdelar ikkje kan takast vare på, skal dei erstattast med kopiar av bygningsdelane som vert skifta ut.

Falske skodder og anna utvendig staffasje skal ikkje nyttast. Villmarkspanel, utkanta bord og liknande skal ikkje nyttast. Fargesettinga skal vera tilpassa fargebruken på eksisterande bygg.

Tekniske anlegg som antenner, kablar, koplingsboksar, lyssetting, skilt og liknande skal tilpassast miljøet med omsyn til utforming og plassering.

Det kan gjevast løyve til tilpassing av bygningar for funksjonshemmingar eller andre naudsynte hjelpemiddel dersom endringa så langt som råd tilpassast eksisterande bygg og bygningsmiljø.

Det kan gjevast løyve til restaurering/tilbakeføring til opphaveleg eller tidlegare tilstand. Tilbygg og samanbygging kan gjevast løyve til dersom det tilpassast eksisterande bygningar og bygningsmiljø.

Dersom busetnad innanfor omsynssona får uopprettelege skader pga. brann, vil kommunen gje løyve til at det vert oppført ny busetnad med same dimensjonar, høgder, proporsjonar, utforming av fasadar og materialbruk som opphaveleg busetnad.

Natursteinmurar, gamle vegfar, stiar, steinbrygger, steinsette båtstøer, steinsette overvassgrøfter og bekkelar skal takast vare på. Kommunen kan gje løyve til utbetring dersom eksisterande anlegg fører til problem med overvasshandtering.

Bygningar som skal bevarast er vist i plankartet.» (Her tenker me å vidareføre rastene frå den gamle reguleringsplanen)

Mvh

Anja Marken  
Arealplanleggjar  
+47 959 84 628

[aurland-kommune-m-slagord - liten](#)